

Styremøte i NNN – telefonmøte – 07.02.13

Deltakarar:

Merete Økland Sortland

Frode Henanger

Per Ivar Kvammen

Liv Oddrun Vold

Ragnhild Lyngved

Sak 3/13 Høring av revidert forslag til læreplan i naturfag, LK06

I forkant av styremøtet hadde alle i styret som fekk ansvar for å kommentera revidert læreplan i naturfag sendt inn sine kommentarar til styret. Desse kommentarane blei diskutert på styremøtet. Det var stort sett semje om kommentarane og styret blei einige om eit høyringsdokument som blei sendt ut til medlemmane i NNN. Det var to punkt i planen som blei gløymt på styremøtet. Merete skreiv inn forslag til desse punkta og orienterte styret om dette i etterkant på e-post.

Når det gjaldt spørsmål om endringar som var gjort i planen så svarte Doris på det via e-post. Det er likevel eit spørsmål som blei stilt som ikkje fekk svar var: Kvifor fosterutvikling og fødsel er tatt ut?

Frist for medlemmar i NNN for å kommentera høyringsforslaget til styret: 15.02

Styremøte for å diskutera kommentarar frå medlemmane er satt til 26.02 kl 11:30-12:30.

Sak 5/13 Eventuelt

Spørsmål blei stilt om korleis det går med undersøkinga som Frode skal gjera om ressurstildeling osv. Han satsa på å få gjort det etter veke 8. Han sender ut ei pilotundersøking til styret først.

Merete Ø. Sortland

Leiar